



STORD  
KOMMUNE



Foto: Naustvågen barnehage

## Retningsline for samordna opptak i barnehagar i Stord kommune

Gjeldande frå 01.03.2017

## INNLEIING

Alle godkjende barnehagar i kommunen skal samarbeida om opptak av barn i barnehage, jamfør [Lov om barnehagar § 12](#).

Opptaksprosessen skal vera i tråd med [Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage](#). Forskrifta gjeld ved opptak i alle verksemdar som er omfatta av barnehagelova.

Kommunen skal leggja til rette for ein samordna opptaksprosess, der det vert teke omsyn til barnehagane sitt mangfald og eigenart. Brukarane sine ynskje og behov skal leggjast stor vekt på under sjølve opptaket.

Samordna opptaksprosess skal ivareta tre hovudformål:

- Samordninga skal bidra til ei effektiv fordeling av barnehageplassar ut frå søkjarane sine ynskje og behov.
- Samordninga skal sikra likebehandling av barn og likebehandling av private og kommunale barnehagar.
- Samordninga skal vera eit reiskap for kommunen i arbeidet med å sørgja for at det er nok barnehageplassar.

Retningslina til kommunen om samordna opptak i barnehagar skal gje søkjarar, barnehageeigarar og kommunen som barnehagemynde ein forsvarleg og effektiv opptaksprosess, der kommunen får eit reelt oversyn over tilbod og etterspurnad av barnehageplassar.

Retningslina gjeld for tilsette i Utviklingsgruppa ved barnehageopptak og for eigarar av ikkje-kommunale barnehagar.

Kommunalsjef med ansvar for oppvekst og utdanning har hovudansvar for samordna opptak i kommunen. Eigarar av ikkje-kommunale barnehagar har ansvar for at opptaket vert gjennomført i tråd med retningslina.

## **RUTINAR FOR OPPTAK I KOMMUNALE OG IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR**

1. Elektronisk søknadsportal finn ein på kommunen si heimeside; [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)  
Der ligg også informasjon om høve til å søkja om redusert opphaldsbetaling og søknadsskjema for dette.
2. Utviklingsgruppa ved barnehageopptak har ansvar for informasjon på kommunen si heimeside og i bladet Sunnhordland om hovudopptaket (annonse i avisa i februar med påfølgjande påminning).
3. Tildeling av plassar under hovudopptaket vert gjort i tråd med Lov om barnehagar, Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak av barn i barnehage og den enkelte barnehage sine vedtekter.
4. Ved hovudopptaket vert tildelt av barnehageplass gjort i eit tett samarbeid mellom utviklingsgruppa ved barnehageopptak og styrarane.
5. Ved løpande tildeling gjennom året tildeler styrarane ledige barnehageplassar.
6. Styrar i den enkelte barnehage har ansvar for å kvalitetssikra at barn med fortrinnsrett til barnehageplass etter barnehagelova §13, har første prioritet både ved hovudopptak og ved løpande tildeling av plassar gjennom året.
7. Barnehagane har ansvar for å informera føresette om gjeldande vedtekter på heimesida si eller på e-post ved tildeling av barnehageplass.
8. Klage på avslag om barnehageplass vert handsama i Utviklingsgruppa ved barnehageopptak. Aktuell barnehage vert kontakta ved behov.
9. Føresette kan søkja kommunen om redusert opphaldsbetaling. Søknadane vert handsama av Utviklingsgruppa ved barnehage. Aktuell barnehage får kopi av innvilga søknad. Barnehagane legg summen føresette skal betala inn i fakturaprogrammet sitt. Private barnehagar får tilført det reduserte beløpet kvart halvår (mai og desember).
10. Eining for rekneskap og løn i kommunen sender faktura på foreldrebetaling for barn i kommunale barnehagar. Ikkje-kommunale barnehagar fakturerer sjølv.

## RUTINE FOR HOVUDOPPTAK I BARNEHAGAR

Når	Kva	Korleis	Ansvar
<b>Januar – februar</b>	Gjennomgang av Retningsline for samordna opptak	Fagmøte for barnehagestyrarar	Utviklingsgruppa ved barnehageopptak
<b>1. februar</b>	Informasjon om samordna opptak på kommunen si heimeside		Utviklingsgruppa ved barnehageopptak
<b>1 – 15. februar</b>	Køyreplan for barnehageopptaket	Vert sendt barnehagane	Utviklingsgruppa ved barnehageopptak
<b>1. - 15. februar</b>	Informasjon om hovudopptaket i barnehage i lokalpressa	Informasjon om barnehageopptaket i Bladet Sunnhordland	Utviklingsgruppa ved barnehageopptak
<b>1. – 15. februar</b>	Barnehagane rapporterer om ledige plassar til Utviklingsgruppa ved barnehageopptak	NB: Rapport tal ledige plassar for barn over tre år og for barn under tre år.	Styvar
<b>1. mars</b>	Utskrift av gjeldande søknadslister til bruk i opptaket. Listene vert sendt kvar enkelt barnehage.		Utviklingsgruppa ved barnehageopptak
<b>Frå 2. mars og fram til opptak</b>	Barnehagane lagar innstilling til opptak i eigne barnehagar		Styvarar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar
<b>Mars</b>	Opptaksmøte barnehagane	Det er kun opptak av barn som har søkt om barnehageplass innan gjeldande søknadsfrist og som ynskjer plass ved oppstart nytt barnehageår. Pluss dei som har rett til plass i september, oktober og november.	Utviklingsgruppa
<b>Mars/april</b>	Styvarane gjer tilboda om barnehageplass klar i IST Hypernet. Utviklingsgruppa ved barnehageopptak syt for at tilboda vert sendt ut elektronisk til avtalt tidspunkt.		

## BARNEHAGETILBOD - AKTIVITET OG ANSVAR

Aktivitet	Ansvar	Når	Merknad
<b>Søknad om redusert opphaldsbetaling</b>	Utviklingsgruppa ved barnehage	Ved søknad	Kopi av innvilga søknad vert sendt aktuell barnehage
<b>Refusjon ved redusert opphaldsbetaling</b>	Utviklingsgruppa ved barnehage	Mai og desember	Utviklingsgruppa utbetaler i samsvar med grunnlag
<b>Rapportering kontantstøtte</b>	Utviklingsgruppa ved barnehage	Sender kvar månad til NAV	Endringar og samla rapport
<b>Melding om ledig barnehageplass</b>	Styrar	Når ledig plass	E-post til: <a href="mailto:Barnehageopptak@stord.kommune.no">Barnehageopptak@stord.kommune.no</a> Vert så lagt ut på kommunen si heimeside
<b>Spørsmål om ledig barnehageplass</b>	Styrar i den enkelte barnehage eller utviklingsgruppa ved barnehage		